



Svaret frå Kvinnherad kommune på søknad om trafikksikring i Korsnes må lesast positivt og at det vert iverksett tiltak.

I november sende Uskedal utvikling søknad til Kvinnherad kommune om strakstiltak for å sikra overgang og kryss frå Fylkesveg 48, Uskedalsvegen, til byggefelta Korsneset og Ospelunden. Søknaden var underskriven og støtta av alle som bur i byggefelta, av Uskedal Oppvekstsenter, Korsnes Vel og av Uskedal Idrettslag. Uskedal utvikling har motteke svar som skisserer vidare saksong fram mot ei løysing.

Viser til Dykkar brev av 26.11.2018, '**Søknad om trafikksikringstiltak for kryss frå FV. 48 Uskedalsvegen til Korsnes byggefelt**'.

Det er flott at så mange viser eit stort engasjement for trafikksikkerheit i omtalt område. Avkøyrsla til Kornes byggefelt tar av får ein fylkesveg, og det er derfor Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune som har hovedansvaret for at mjuke trafikkantar kan ferdast trygt, bl.a. ved å kryssa fylkesvegen mellom byggefelta på oppside og nedside av vegen.

Men kommunen er også ansvarleg, vi har kommunale byggefeltsvegar, med avkøyrsla til fylkesveg, og vi skal ivareta gjeldande trafikksikringsplan.

Dykkar innspel tar vi med oss vidare slik:

- a) Vi har faste møter med Statens vegvesen, og vil konkret ta opp denne saka, og vidareformidla Dykkar innspel.
- b) Arbeidet med ny 'Kommunedelplan for Samferdsle' startar over nyttår. Rullering av gjeldande trafikksikringsplan vert ein del av ny plan. Den omhandlar tiltak både på kommunale og fylkeskommunale vegar, og Dykkar innspel vil verta vurdert i høve planlegging av nye konkrete tiltak.

Sigbjørn Øye - einingsleiar

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal